

Notat - Selskapskontroll

Fjord1 AS - 2015

Marianne Vara

19.06.2015



Innhald

1. Bakgrunn, føremål og avgrensing	2
2. Metode og gjennomføring	3
3. Informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og Sogn og Fjordane FK	3
3.1 Innleiing	3
3.2 Milepælar	4
3.3 Gjennomføring av undersøkinga	4
3.3.1 Hendingar før milepæl 1.....	4
3.3.2 Hendingar mellom milepæl 1 og 2	6
3.3.3 Hendingar mellom milepæl 2 og 3	7
3.3.4 Hendingar mellom milepæl 3 og 4	8
3.3.5 Hendingar mellom milepæl 4 og 5	8
3.3.6 Hendingar etter milepæl 5	9
3.4 Konklusjon.....	9

Vedlegg: Internt notat frå Reidar Sandal

Notat om informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune

Til: Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Frå: Sogn og Fjordane revisjon IKS (SF revisjon)

1. BAKGRUNN, FØREMÅL OG AVGRENSING

SF revisjon har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet i SAK 20/15 gjennomført selskapskontroll av Fjord1 AS.

Bakgrunnen for bestillinga frå kontrollutvalet er det som kom fram m.a. i media i mars/april 2015 om informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og selskapets største eigar; Sogn og Fjordane fylkeskommune, i samband med intensjonsavtalen mellom selskapa Fjord1 AS og Norled Holding AS.

Føremål

Føremålet med selskapskontrollen har, i samsvar med bestillinga, vore avgrensa til ein kartlegging av informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Problemstillingar

Kontrollutvalet har i bestillingsdokumentet lagt fram følgjande problemstilling:

1. Kontrollutvalet ber om å få utarbeida eit notat på bakgrunn av revisor si kartlegging av informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og Sogn og Fjordane fylkeskommune i samband med fusjonsplanane mellom Fjord1 AS og Norled AS.
 - Utvalet ynskjer å få fram informasjon om tidslinja for informasjonen mellom partane - kven fekk informasjon når?

Presisering og avgrensing

Vi vil presisere at undersøkinga, i samsvar med bestillinga, er avgrensa til ein liten kartlegging på eit avgrensa område i ein avgrensa/kort periode. Undersøkinga er ikkje å sjå på som forvaltningsrevisjon sett i forhold til Standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) sine krav og retningslinjer.

Kartlegginga har vidare vore avgrensa til den formelle informasjonen som har gått mellom fylkeskommunen/F1 Holding AS og styret i Fjord1 AS i tillegg til informasjonen/kommunikasjonen som har gått mellom dei mest sentrale personane knytt til

denne spesielle saka. Det er heller ikkje gjort nokre nærare vurderingar av resultatane frå kartlegginga opp mot aktuelle lover, regler eller andre relevante retningslinjer.

2. METODE OG GJENNOMFØRING

Kartlegginga er i hovudsak basert på intervju. Vi har i tillegg sett på styreprotokoller frå styremøter i Fjord1 og F1 Holding AS. Dei gjennomgatte protokollane er avgrensa til den inngåtte intensjonsavtalen mellom Fjord1 AS og Norled Holding AS. Målsettinga med intervjuet har vore å få fram fakta om informasjonsflyten mellom Fjord AS og fylkeskommunen i den aktuelle perioden.

Oppsummering av alle intervjuet er sendt til respondentane for verifisering. Det er berre informasjon frå dei verifiserte intervjuet som har vore nytta i notatet.

Kartlegginga er gjennomført av oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Marianne Vara i perioden mai-juni 2015.

Nokre definisjonar frå kartlegginga:

«**Informasjonsflyten/tidslinja**»: Det går både på formell og uformell informasjon som går begge veger; frå FK til Fjord 1 AS og frå Fjord1 AS til FK. Dette inkluderer også morselskapet F1 Holding AS.

«**Formell informasjon**»: Informasjon som er skriftleg.

«**Uformell informasjon**»: Informasjon som berre er overført munnleg.

«**Kven fikk informasjon når?**»: Kartlegginga er avgrensa til intervju av dei mest sentrale personane i fylkeskommunen/fylkesutvalet, Fjord 1 AS og F1 Holding AS. Det vil si leiar og nestleiar i FU og styreleiar og dagleg leiar i dei to selskapa.

3. INFORMASJONSFLYTEN MELLOM FJORD1 AS OG SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

3.1 Innleiing

Kort om bakgrunnen for bestillinga

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 59 % av aksjane i Fjord1 AS gjennom selskapet F1 Holding AS, og er i dag Fjord1 AS sin største eigar. Den andre eigaren er Havilafjord AS, som igjen er eigd av bedrifta Havila AS. Familien Sævik er majoritetseigarar i Havila AS.

Rett før påske gjorde Fjord1 AS og Norled Holding AS det kjent at dei to selskapa hadde inngått ein intensjonsavtale om ein mogleg framtidig fusjon. I følgje media kjende ikkje fylkespolitikarane til Fjord1 AS sitt samarbeid med Norled Holding AS om arbeidet med intensjonsavtalen mellom dei to selskapa. Etter møte i FU 27.03.2015 bad dei Fjord1 AS om å oppheve den inngåtte intensjonsavtalen.

9.april vart det halde eit nytt styremøte i Fjord1 AS der FK si oppmoding om oppheve intensjonsavtalen var eit tema selskapet hadde oppe til drøfting

3.2 Milepælar

Vi har i undersøkinga hatt fokus på milepælane og hendingar før sjølve inngåinga av intensjonsavtalen og hendingar/samtaler mellom milepælane.

Vi har sett opp følgjande milepælar i denne undersøkinga:

1. Sjølve inngåinga av intensjonsavtalen mellom Fjord1 AS og Norled Holding AS som ble gjennomført den 23. mars.
2. Møte i fylkesutvalet (FU) der FU fikk ei orientering frå Fjord1 AS om intensjonsavtalen den 26 mars. Møtet i FU heldt fram den 27. mars der FU i sak 40/15 gjorde eit vedtak med 4 punkt. I pkt. 2 i vedtaket ble Fjord1 AS bedt om å oppheve intensjonsavtalen.
3. Styremøte i Fjord1 AS der innspelet frå FU om å oppheve intensjonsavtalen ble drøfta den 9. april om dagen. Styret gjorde vedtak om å arbeide vidare med saka i eit seinare styremøte.
4. Møte i FU den 9. april om kvelden der det ble gjort vedtak om å invitere styret i Fjord 1 AS til eit møte for å drøfte saka.
5. Møte mellom FU og styret i Fjord1 AS gjennomført 13. april. Det ble gjort vedtak om å opprette ei hurtigarbeidande arbeidsgruppe med representantar frå begge sider som skulle finne ei ordning som medverka til at dei to pågåande to prosessane på best mogleg måte kunne bli samordna.

3.3 Gjennomføring av undersøkinga

Kontrollen er gjennomført ved intervju om viktige hendingar før sjølve inngåinga av intensjonsavtalen og hendingar mellom ein del sentrale møter (milepælane) i styret i Fjord1 AS og FU frem til møtet mellom FU og styret i Fjord1 AS den 13.04.2015. Dei intervjuja personane er:

- Styre og dagleg leiar i F1 Holding AS; Jan Øhlckers
- Styreleiar i Fjord1 AS; Reidar Sandal
- Dagleg leiar i Fjord1 AS; Dagfinn Neteland
- Fylkesordførar og leiar i FU; Åshild Kjelsnes
- Nestleiar i FU; Jenny Følling

Fleire av dei intervjuja har understreka viktigheita av å få fram at det berre er tale om ein intensjonsavtale der partane skal gjere greie for ein mogleg framtidig fusjon. Avtalen er ikkje bindande for noko av partane.

3.3.1 Hendingar før milepæl 1

Under vårt intervju med styreleiar Reidar Sandal (heretter omtalt med forkortinga RS) så han det som særskilt viktig å få fram forhistoria i Fjord1 AS knytt til intensjonsavtalen. Inngåinga av

intensjonsavtalen var ikkje noko som hadde skjedd plutselig, men er ein del av ein prosess som selskapet har arbeidet med over ein lang periode.

Ei lita oppsummering frå RS si orientering om forhistoria fram til styremøte 23. mars 2015:

Styret i Fjord1 AS hadde ei strategisamling den 23. september 2013 der dei hadde ein grundig drøfting rundt selskapets konsolidering i sjøtransportnæringa og overordna strategiar for selskapet. Fjord1 AS er størst i sjøtransportnæringa, og leiinga har hatt stor merksemd på dette. Fjord1 AS er den største av dei fire store som er igjen i den norske marknaden på dette feltet. Dei ser det som viktig at Fjord1 AS er den sentrale i dette arbeidet.

På bakgrunn av det ble det gjennomført eit eigarmøte i Fjord1 AS den 1. november 2013. Frå FK stilte fylkesordførar Åshild Kjelsnes (heretter omtalt under nemninga ÅK), fylkesrådmann Tore Eriksen (heretter omtalt under nemninga TE) og Jan Øhlckers (heretter omtalt under nemninga JØ). Eigarane ble her orientert om selskapets strategiarbeid jf. styresamlinga 23. september 2013 og dei la spesielt vekt på dei strategiske grepa selskapet ville rette fokus på, og det ble gjort greie for vurderingar av ulike kandidatar som Fjord1 AS eventuelt kan fusjonere med.

Styret i Fjord 1 AS hadde eit styremøte 23.oktober 2014 der selskapets strategiar ble drøfta.

RS og administrerande direktør Dagfinn Neteland (heretter omtalt under nemninga DN) stilte i møte i FU i desember 2014 for å gi ein statusrapport om Fjord1 AS. Dei var i dette møtet ikkje inne på selskapets overordna strategiar. FU kom heller ikkje inn på dei prosessane som FU arbeidet med i forhold til FK sitt eigarskap til Fjord1 AS.

I februar/mars 2015 var RS og DN i kontakt med alle i styret for å orientere og drøfte leiinga sine planer om å gå i samtale med Norled Holding AS om ei mogleg framtidig samanslåing. Det var viktig å ha full ryggdekning i frå heile styret før dei gikk vidare med sine sonderingar med Norled Holding AS.

I byrjinga av mars 2015 starta dei samtalane med Norled Holding AS om ein mogleg framtidig fusjon mellom dei to selskapa.

Intensjonsavtalen ble signert av begge selskapa rett etter at styremøtet ble avslutta 23.mars.

RS har laga eit internt notat over hendingane frå selskapets strategimøte 23.09.2013 fram til styremøte 07.05.2015. Notatet er lagt ved som vedlegg til rapporten.

Både JØ og ÅK bekrefta i intervjuet hendingane fram til intensjonsavtalen ble signert slik dei er beskriven av RS. Fylkeskommune fikk ei orientering om selskapets overordna strategiar i eigarmøtet 1. november 2013.

Sitat frå ÅK: «Ja på eit overordna nivå, mellom anna frå eit eigarmøte i november 2013 der det vart orientert om ulike strategiar som dei arbeidet med. Viktige stikkord var; fleire bein å stå på, selskapets innteningsevne, spissing av kompetanse og tiltak rundt selskapets sikkerheit. Ei viktig melding frå fylkesordførar og medeigar av selskapet har vore at fylkesordførar har forventningar til at selskapet aktivt utarbeidar strategiar for å styrke selskapet og hennar viktigaste forventning er at dei arbeider til beste for selskapet. Det har ho vore klar på at selskapet har hennar støtte i å gjere.»

Sitat frå JØ: «Det blei gjennomført eit eigarmøte mellom fylkeskommunen og Fjord1 AS i november 2013 der fylkesordførar, fylkesrådmannen og eg representerte FK. Det kom nokre signal frå leiinga

i selskapet om at dei arbeidet med å sondere terrenget om moglege framtidige samarbeidspartnarar utan at dei kom inn på nokon spesifikke.»

Milepæl 1 – Inngåing av intensjonsavtalen 23.03.2015:

I samband med sjølve inngåinga av intensjonsavtalen er følgjande protokollert jf. Fjord1 AS sin styreprotokoll nr 3/2015 den 23.03.2015:

Sak 23/2015 Intensjonsavtale mellom Norled og Fjord1 AS

Saksdokument: Ingen saksdokument var utsende, orienteringa blei gitt i møtet .

Reidar Sandal og Dagfinn Neteland gav ein grundig gjennomgang av dei strategiske momenta som danner grunnlaget for intensjonsavtalen mellom Norled Holding AS og Fjord1 AS.

Styret hadde ei grundig drøfting av saka.

Vegard Sevik ønskte følgjande protokolltilførsel:

"Jeg er av den oppfatning at det er viktig for Fjord1 å være en pådriver og deltager i en konsolidering blant de gjenværende fergereferiene i Norge, og at det industrielle rasjonale som ligger til grunn for intensjonsavtalen virker fornuftig for Fjord1 sin del. Grunnet prosessen som majoritetseier har startet er jeg dessverre i en posisjon som gjør det vanskelig for meg å stemme for denne intensjonsavtalen, da vi gjennom Havilafjord AS er deltager i prosessen, og at vi avhengig av den videre beslutningsprosessen til Sogn og Fjordane Fylkeskommune kan havne i situasjoner der vi kan måtte delta i samtaler som bryter med enkelte klausuler i intensjonsavtalen. Grunnet denne potensielle dobbeltrollen avstår jeg derfor fra å stemme, til tross for at det industrielt er riktig og viktig for Fjord1 å være delaktig i en konsolidering i bransjen."

Vedtak:

Styret slutter seg til intensjonsavtalen mellom Norled Holding AS og Fjord1 AS.

3.3.2 Hendingar mellom milepæl 1 og 2

I følgje intervju med RS, DN og ÅK tok RS kontakt per telefon med ÅK om ettermiddagen 23.mars og bad om å få til eit raskt møte for å orientere FK ved ÅK og TE om eit viktig initiativ i Fjord1 AS. Dei ble einige om å få til eit møte påfølgjande dag på Hermansverk.

Sitat ÅK: *«Eg vart opp ringt den 23. mars av Reidar Sandal som bad om å få til eit møte med underteikna og fylkesrådmannen snarast for å orientere om eit viktig initiativ frå selskapet. Vi avtalte eit møte her på Hermansverk dagen etter den 24. mars. På møtet stilte underteikna og Knut Henning Grepstad som representantar for FK. Frå Fjord1 AS kom styreleiar og administrerande direktør. Fylkesrådmannen ønsket ikkje å vere med på møtet fordi det på førehand ikkje var opplyst kva som var tema.»*

Ved spørsmål til ÅK om kven andre som ble orientert om intensjonsavtalen fikk vi følgjande svar:

Sitat frå ÅK: *«Eg bad straks Grepstad om å orientere fylkesrådmannen om saka. Og så var det sjølv sagt viktig å få orientert FU om saka så raskt som råd. Eg rådførte meg med Grepstad og fylkesrådmannen om spørsmålet. Vi fant det forsvarleg å vente til møte i FU som var satt opp berre*

to dagar seinare. Eg så det som viktig at FU fikk informasjonen direkte frå Fjord1 og ikkje som andrehands informasjon, evt. via telefon som ville vore alternativet.

Vi vurderte å kalle inn til eit ekstraordinært telefonmøte i FU på timen men som eg har sagt tidlegare kom vi i våre vurderingar fram til at den beste løysinga var å vente til det ordinære møte i FU den 26. mars to dagar seinare. Eg meiner eit ekstraordinært møte ville dramatisert saka.»

Vi tok opp følgjande spørsmål med Jenny Følling (heretter omtalt under nemninga JF):

I følgje media ble fylkesordførar gjort kjent med intensjonsavtalen eit par dagar før FU blei orientert. Burde ho ha orientert FU om dette straks ho vart gjort kjent med nyheita? Eventuelt korleis?

Sitat frå JF: *«Det ville eg har gjort. Eg hadde ikkje likt å sitje inne med denne informasjonen. Sett i forhold til dei prosessar vi er midt oppe i ville eg ha formidla denne informasjonen vidare til resten av fylkesutvalet så raskt som mogleg.*

Ein moglegheit er å ha eit hastetelefonmøte i FU.»

JØ ble orientert om intensjonsavtalen fyrste gong onsdag 25.03.2015 kl. 14:02 via e-post frå TE. Korkje JF eller ÅK trudde eller hadde grunn til å tru at nokon andre fylkespolitikarar enn leiar i FU kjende til intensjonsavtalen før møte i FU 26.03.2015.

Milepæl 2 – Møte i FU 26 og 27.03.2015:

I møte i FU 26.mars fikk FU ei orientering frå Fjord1 AS ved RS og DN om selskapets intensjonsavtale som er inngått med selskapet Norled Holding AS.

Møtet i FU heldt fram den 27. mars der FU i sak «40/15 FK sin eigarskap i Fjord1 AS AS « gjorde følgjande vedtak med 4 punkt:

SAK 40/15

Ikkje offentleg Ofl. § 23, 4. ledd, eigardokument

VEDTAK:

1. Fylkeskommunen sin breie prosess i høve eigarskapen i Fjord1 AS vert vidareført.
2. Fylkesutvalet oppmodar difor om at styregodkjent intensjonsavtale vert oppheva.
3. Fylkesutvalet ønskjer at Norled blir med vidare innafor ramma av den breiare prosessen, jf. pkt. 1 og 2 over
4. Dette vedtaket vert gjort offentleg kjent.

3.3.3 Hendingar mellom milepæl 2 og 3

Etter at møtet i FU var avslutta den 27. mars ringte ÅK til RS for å orientere han om vedtaket og JF ringte for å orientere Nils R. Sandal om vedtaket.

Det ble i følgje intervju med RS gjennomført ein telefonsamtale mellom RS og ÅK 30.mars om saka. ÅK omtaler i intervjuet det som ein telefonsamtale mellom henne og RS ein gong i påska for avtale om praktiske ting i saka, m.a. avtale om møte 7.april i Florø (sjå under).

Den 7. april ble det i følgje RS, ÅK og DN gjennomført eit møte med disse tre til stade i Florø for å drøfte situasjonen som hadde oppstått og moglege konsekvensar.

Milepæl 3 – Styremøte i Fjord1 AS 9.04.2015:

Det ble gjennomført styremøte i Fjord1 AS om Intensjonsavtalen mellom Norled Holding AS og Fjord1 AS under Sak 26/2015. Fjord1 AS har protokollert følgjande i saka:

Saksdokument:

1. Presentasjonen om Fjord1 AS og intensjonsavtalen som styreleiar og adm. direktør heldt for fylkesutvalet 26. mars 2015
2. Underskiven intensjonsavtale mellom Norled Holding AS og Fjord1 AS
3. Kopi av protokolltilførsel frå Vegard Sævik i saka om godkjenning av intensjonsavtalen
4. Skriv fra fylkesutvalet til styret i Fjord1 AS om intensjonsavtalen etc.
5. Skriv fra advokat Sverre Tysland om ulike vurderingar av intensjonsavtalen og konsekvensar av den
6. Kopi av nokre medieoppslag

Reidar Sandal og Dagfinn Neteland gav ein grundig presentasjon av saka, frå intensjonsavtalen blei godkjend i styret 23. mars og fram til dags dato.

Styret hadde ei brei drøfting av saka og reflekterte grundig om den vidare prosessen.

Styreleiar og adm. direktør meinte at ein bør ta eit nytt initiativ overfor fylkesordføraren for at Fjord1 AS skal få drøfte den alvorlege situasjonen som har oppstått, med medlemmene av fylkesutvalet. Det var brei tilslutning til eit slikt opplegg.

Vedtak:

Det blir arbeid vidare med saka i eit seinare styremøte.

3.3.4 Hendingar mellom milepæl 3 og 4

RS kontakta ÅK per telefon etter at styremøtet var avslutta 9.april og orienterte henne om styrevedtaket i Fjord1 AS.

Milepæl 4 – Møte i FU 09.04.2015:

Under SAK 44/15 Skriv og meldingar fylkesutvalet 9. april 2015 gjorde FU følgjande vedtak:
VEDTAK:

Fylkesutvalet ber om eit møte med styret i Fjord1 måndag 13. april 2015 .

3.3.5 Hendingar mellom milepæl 4 og 5

ÅK tok kontakt med RS etter at møtet i FU var avslutta 9.april og orienterte han om vedtaket i FU der dei ber om eit møte med styret i Fjord1 AS måndag 13. april. I følgje RS var han kontakta av ÅK laurdag 10. april der ho orienterte han om invitasjonen til styret i Fjord1 AS. Tema for møtet

skulle i følgje RS vere intensjonsavtalen mellom dei to selskapa og situasjonen som har oppstått i kjølvatnet av den.

Milepæl 5 – Møte mellom FU og styret i Fjord1 AS 13.04.2015:

Det vart halden møte mellom FU og styret i Fjord1 AS den 13. april i Førde. I tillegg til DN møtte også FK sine eksterne rådgjevarar. Møtet gjorde følgjande vedtak:

«Det blir sett ned ei raskt arbeidande gruppe med representantar for Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fjord1 AS som skal finne ei ordning som medverkar til at dei to pågåande prosessane på best mogleg måte vert samordna.»

3.3.6 Hendingar etter milepæl 5

Det ble gjennomført møte i den hurtigarbeidande arbeidsgruppa 27. april i Florø. Det ble semje om at det skulle arbeidast med å få laga ein protokoll som skulle klargjere posisjonen og gi retning for det vidare arbeidet i saka.

5.mai låg det føre ein protokoll som skal vere retningsgivande for det vidare arbeidet i saka. I protokollen blir det m.a. slått fast at intensjonsavtalen ikkje er til hinder for den fylkeskommunale prosessen. Same dag signerer RS protokollen på vegne av Fjord1 AS.

6.mai får RS telefon frå ÅK seint på ettermiddagen der ho gir melding om at FU i møte same dag har godkjend den nemnde protokollen.

7.mai er det styremøte i Fjord1 AS der prosjektet om intensjonsavtalen ble handsama. Styret gjorde følgjande vedtak:

«Det blir arbeidd vidare med saka i samsvar med intensjonsavtalen mellom Norled AS og Fjord1 AS for å greie ut ein mogleg fusjon.»

3.4 Konklusjon

Det er semje mellom dei intervjuar om gjennomførte møter, samtaler og anna informasjon før sjølve intensjonsavtalen ble inngått og mellom milepælane. Ut frå intervjuar har den formelle informasjonen mellom Fjord1 AS og FK gått via styreleiar i Fjord1 AS og fylkesordførar. For utanom informasjonen som gikk internt i den administrative leiinga i Fjord1 AS og FK /F1 Holding AS inkl. deira rådgjevarar kjenner ingen av dei intervjuar til om andre i FK/F1 Holding AS eller Fjord1 AS har fått eller gitt informasjon om saka frå eller til andre; det vere seg eksterne pesonar eller til meir «utanforståande» politikarar eller andre tilsette i Fjord1 AS og FK/F1 Holding AS.

Vedlegg til notatet:

Internt notat frå Reidar Sandal

Internt notat

9.6.2015

Konsolidering, strategi og intensjonsavtale

- 23. september 2013
 - Grundig drøfting i styret i Fjord1 AS om konsolidering i sjøtransportnæringa og strategiar for selskapet
 - Semje om at saka skal ha stor merksemd i tida som kjem. Viktig at Fjord1 AS er den sentrale aktøren i marknaden.

- 1. november 2013
 - Eigarmøte i Fjord1 AS
 - Deltakarar: Åshild Kjelsnes, Tore Eriksen, Jan Øhlckers, Per Sævik, Vegard Sævik, Leif Øverland og Reidar Sandal
 - Utgreiing om konsolidering og strategi i styremøtet 23. september 2013
 - "Reidar Sandal presenterte styret si oppsummering etter strategisamlinga 23. september. Sandal la spesiell vekt på dei strategiske grep selskapet ville rette fokus mot den komande tida."
 - Det blei gjort greie for vurdering av ulike kandidatar som Fjord1 AS eventuelt kan fusjonere med.

- 23. oktober 2014
 - Styremøte i Fjord1 AS
 - Drøfting av konsolidering i sjøtransportnæringa og strategiar for Fjord1 AS

- Februar og mars 2015
 - Dagfinn Neteland og Reidar Sandal har samtaler og drøftingar med styremedlemmene om mogleg fusjon mellom Norled Holding AS og Fjord1 AS.

- 23. mars 2015
 - Styret behandlar utkast til intensjonsavtale mellom Norled Holding AS og Fjord1 AS. Intensjonsavtalen gjeld prosessen for drøftingar mellom dei to selskapa.
 - Vedtak: "Styret sluttar seg til intensjonsavtalen mellom Norled Holding AS og Fjord1 AS."

- 23. mars 2015
 - Reidar Sandal kontaktar fylkesordførar Åshild Kjelsnes og ber om at det blir halde eit møte straks med henne og fylkesrådmann Tore Eriksen for å presentere eit viktig initiativ som Fjord1 AS har teke.
 - Det blir avtalt møte på Fylkeshuset neste dag.

- 24. mars 2015
 - Det blir halde møte på Fylkeshuset for å gjere greie for intensjonsavtalen som er inngått.
 - Deltakarar på møtet er Åshild Kjelsnes, Knut Henning Grepstad, Dagfinn Neteland og Reidar Sandal.
 - Fylkesrådmann Tore Eriksen valde ikkje å delta på møtet.
 - Det var semje om at fylkesutvalet må bli orientert om saka så snart som mogleg.
 - Fylkesordføraren sa at ho ville leggje til rette for at fylkesutvalet blir orientert i møte 26. mars. Neteland og Sandal deltek på møtet.

- 26. mars 2015
 - Neteland og Sandal møter fylkesutvalet for å gjere greie for intensjonsavtalen mellom dei to nemnde selskapa. På møtet deltok også den administrative leiinga og Jan Øhlckers.
 - Det blir svart på spørsmål frå møtedeltakarane.
 - Fylkesutvalet drøftar saka etter at Neteland og Sandal har forlate møtet. Drøftinga held fram neste dag.

- 27. mars 2015
 - Fylkesutvalet drøftar saka og fattar følgjande vedtak:
 - "1. Fylkeskommunen sin breie prosess i høve eigarskapen i Fjord1 AS vert vidareført.
 - 2. Fylkesutvalet oppmodar difor om at styregodkjent intensjonsavtale vert oppheva.

- 3. Fylkesutvalet ønskjer at Norled blir med vidare innafor ramma av den breiare prosessen, jf. pkt. 1 og 2 over.
 - 4. Dette vedtaket vert gjort offentleg kjent."
-
- 27. mars 2015
 - Fylkesordføraren orienterer Reidar Sandal pr. telefon om vedtaket som fylkesutvalet har gjort i saka.
 - Om lag ei veke seinare kom skriftleg melding til selskapet om vedtaket.

 - 30. mars 2015
 - Telefonsamtale mellom Åshild Kjelsnes og Reidar Sandal om saka.
 - Reidar Sandal signaliserer ønske om møte med fylkesutvalet for å drøfte den alvorlege situasjonen som har oppstått etter vedtaket som blei gjort 27. mars.

 - 7. april 2015
 - Møte mellom Åshild Kjelsnes, Dagfinn Neteland og Reidar Sandal om situasjonen som har oppstått etter fylkesutvalet sitt vedtak 27. mars og moglege konsekvensar av det.
 - Møtet blir halde etter initiativ frå Neteland og Sandal, og det blir avvikla i Florø.

 - 9. april 2015
 - Styremøte i Fjord1 AS der intensjonsavtalen mellom Norled Holding AS og Fjord1 AS står på saklista.
 - I styret er det sterk tilslutning til at det blir teke eit nytt initiativ overfor fylkesordføraren for å få drøfte med fylkesutvalet den alvorlege situasjonen som har oppstått i saka.
 - Styret gjer følgjande vedtak: "Det blir arbeidd vidare med saka i eit seinare styremøte."

 - 9. april 2015
 - Reidar Sandal kontaktar fylkesordføraren pr. telefon og ber om at det straks blir halde eit møte mellom fylkesutvalet og styret i Fjord1 AS for å drøfte saka og situasjonen.

- 10. april 2015
 - Fylkesordføraren melder frå til Reidar Sandal om at styret i Fjord1 AS blir invitert til møte med fylkesutvalet 13. april.
 - Tema for møtet skal vere intensjonsavtalen mellom dei to nemnde selskapa og situasjonen som har oppstått i kjølevatnet av den.

- 13. april 2015
 - Det blir halde møte mellom fylkesutvalet, styret i Fjord1 AS og adm. dir. Dagfinn Neteland. Rådgivarane til fylkeskommunen deltek også på møtet, som blir avvikla i Førde.
 - Etter mange timars drøftingar fattar fylkesutvalet følgjande vedtak:
 - "Det blir sett ned ei raskt arbeidande gruppe med representantar for Sogn og Fjordane fylkeskommune og Fjord1 AS som skal finne ei ordning som medverkar til at dei to pågåande prosessane på best mogleg måte vert samordna."

- 27. april 2015
 - Møte mellom representantar for fylkeskommunen og Fjord1 AS for å følgje opp vedtaket i fylkesutvalet 13. april. Møtestaden er Florø.
 - Frå fylkeskommunen deltek Åshild Kjelsnes, Jenny Følling, Tore Eriksen, Knut Henning Grepstad og rådgivarane frå Wiersholm og DHT.
 - Fjord1 AS er representert med Reidar Sandal, Dagfinn Neteland, Stian Hårklau og rådgivarane frå Selmer og Wikborg & Rein.
 - Det var semje om at det skal arbeidast med å få laga ein protokoll som klargjer posisjonen og gir retning for det vidare arbeidet i saka.

- 5. mai 2015
 - Det ligg føre ein protokoll som skal vere retningsgivande for det vidare arbeidet i saka.
 - I protokollen blir det i pkt. 3 slått fast at intensjonsavtalen ikkje er til hinder for den fylkeskommunale prosessen.
 - Reidar Sandal signerer protokollen på vegner av Fjord1 AS og sender den elektronisk til fylkesordføraren.

- 6. mai 2015
 - Reidar Sandal får telefon frå fylkesordføraren seint på ettermiddagen. Det blir gjort greie for at fylkesutvalet i møte same dag har godkjent den nemnde protokollen (med eit kort vedlegg, notat frå Dagfinn Neteland datert 5.5.2015).

- Protokollen slår m.a. fast at intensjonsavtalen ikkje er til hinder for den fylkeskommunale prosessen.
- 7. mai 2015
 - Styremøte i Fjord1 AS der prosjektet mellom Norled Holding AS og Fjord1 AS står på saklista.
 - Det blir gitt ei grundig orientering om saka av Reidar Sandal og Dagfinn Neteland etter møtet med fylkeskommunen 27. april. Dessutan blir det gjort greie for diskusjonane som har vore etter møtet den nemnde datoen.
 - Det blir referert til telefonsamtale mellom fylkesordføraren og Reidar Sandal 6. mai, der det blei orientert om at fylkesutvalet har godkjent protokollen mellom fylkeskommunen og Fjord1 AS (jf. framstillinga om 6. mai).
 - Styret gjorde følgjande vedtak: "Det blir arbeidd vidare med saka i samsvar med intensjonsavtalen mellom Norled Holding AS og Fjord1 AS for å greie ut ein mogleg fusjon."

RS